



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer - September 2004



Farleg avfall kampanje: - Jakta held fram

Framleis hamnar nær 50.000 tonn farleg avfall og store mengder EE-avfall på avvegar i Noreg kvart år. I haust deltek IHM i den nasjonale kampanjen mot farleg avfall.

Kampanjen går frå 15. september til 15. oktober og er ei vidareføring av det som vart sett i gang i 2002. Prosjektet er eit samarbeid mellom Norsk Renholdsverks-forening (NRF), Retursamarbeidet LOOP, Norsk forening for farlig avfall, kommunane og interkommunale selskap. Med ein nasjonal dugnad som dette, er det von om å få minska mengda farleg avfall på avvegar og å få samla inn enda meir EE-avfall.

Målgruppa for kampanjen er hushalda og små og mellomstore verksemdar.

I 2002 gjennomførte MMI, på oppdrag frå NRF, ei undersøking rundt farleg avfall. Undersøkinga synte at heile 95 prosent av befolkninga meinte at det var viktig å ta vare på farleg avfall, men ein langt lågare andel kunne gjøre greie for kva som var farleg avfall og korleis slikt avfall skulle handsamast. Skil kampanjen verte vellukka, er det difor svært viktig å satsa på gode informasjonstiltak.

I tillegg til at denne utgåva av IHM-info sett særleg fokus på farleg avfall, vil vi og samarbeide med dei lokale avisene og Bergens Tidende.



Thorbjørn Berntsen saman med Ellen T. Astrup på FA-konferansen 2004 i Tønsberg.

Ellers vert det visning av TV-spot på TV3 og TV-Norge i kampanjeperioden.

På bakgrunn av positive erfaringar med tidlegare «open dag» vil vi og prøve å få til eit slikt arrangement i Voss sentrum eller ved Amfi Voss. Denne dagen vert det mellom anna høve til å levere farleg avfall. Vi vil svare på spørsmål så langt kunnskapen rekk. Alle som tek turen innom, er med i trekninga av fine gevinstar. Følg med på annonsering i den lokale pressa!

Lukke til!

På plass i nybygget!



1. juni stod IHM sitt nye administrasjonsbygg på Bjørkemoen ferdig til overtaking. Etter ei travel flytte-helg, kunne vi ønskje kundane våre velkomne i dei nye lokala.

Meir om dette kan du lese på side 4

Populær miljøsule

Siste skuleår deltok meir enn 600 elevar frå regionen i Skuleprosjektet «LOOP miljøsule». Av desse har rundt 400 vore på omvisning på Bjørkemoen.

Les meir på side 3

Reklame - nei takk!

IKEA oppmoda nyleg norske husstandar om å fjerne «Reklame - nei takk» klistremerka på postkassane sine.

Les meir på side 4

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Administrasjon:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søbye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Leiaeren

Farleg avfall

Med jamne mellomrom er det oppslag i media om farlege stoff på avvegar. Dette er ofte stoff som har vore ein del av kvardagen i lange tider og som har vore brukt utan tanke på fare for menneske eller dyr. PCB (polyklorerte bifenyler) og bromerte flammehemmarar er mellom dei som har vore nemnt oftast.

Kvar for seg kan grunnstoff vere ufarlege, men saman kan dei danne giftige kombinasjonar. Etter kvart som den skadelege effekten av slike stoff vert kjent, hender det at vidare bruk av stoffet vert forbode. For eksempel får ein del isolerglassvindaug og lysarmatur no spesiell handsaming i avfallssystemet på grunn av PCB-innhaldet.

Innhaldet i eit deponi (avfallsfylling) gjev på mange måtar eit bilete av aktiviteten i samfunnet. Her har mange farlege stoff hamna uten at nokon har vore i stand til å hindre det og før nokon visste at det var farleg.

IHM har lagt ned store ressursar i botnetting på det nye deponiet på Bjørkemoen og samlar opp sigevatnet i botnen av fyllinga. Men dersom innhaldet i deponiet speglar samfunnet rett, vil sigevatnet innehalde både PCB og bromerte flammehemmarar.

Ei vurdering av risikoen ved deponiet viser at farleg avfall som hamnar på deponiet gjev den høgste risikoen. Ta difor bryet med å levere det farlege avfallet til godkjent mottak på ein av miljøstasjonane i regionen. Slik kjem det vidare i retursystemet og vert teke hand om på ein skikkeleg måte. For hushald er kostnaden med dette stort sett rekna inn i renovasjonsgebyret og skal ikkje betalast særskilt for. Billegare kan ikkje forsikringa for oss og komande generasjonar kjøpast.

IHM byggjer renseanlegg for sigevatn med den beste teknologi som kan skaffast til vege. Teknologien lovar opptil 98% rensing av både PCB og bromerte flammehemmarar.

Men kva så med den neste miljøgifta som dukkar opp i media, og som kan ha vore i vanleg bruk mellom folk i ein mannsalder?

Ein gyllen regel seier at det er mykje betre å forebyggje enn å reparere – i dei aller fleste høve gjev dette både betre og billegare resultat. Den enklaste måten å redusere farlege utslepp på, er å syte for at dei aldri finn stad. Me kan alle

gjere ein innsats for å halde farleg avfall unna deponiet, gjennom å kjøpe mindre farlege stoff og å nytte godkjende mottak. Takk!

Kåre Flatlandsmo

kaare@ihm.no



Farleg avfall på Voss og i Hardanger

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har gjennomført ei undersøking hjå 18 ulike verksemder på Voss og i Hardanger som produserer farleg avfall. Undersøkinga vart gjort i mai 2004.

Bakgrunnen for undersøkinga er at ein ynskjer å kartleggje kva for haldningar ulike verksemder har til farleg avfall og samstundes skape større merksemd rundt problemstillingar knytt til farleg avfall.

Rapporten vert offentleggjort i samband med IHM sin deltaking i «farleg avfall» kampanjen i haust. Den vil og verte presentert for Fylkesmannen si Miljøvernavdeling.

Dersom du er interessert i resultatata, finn du heile rapporten på Naturvernforbundet Hordaland sine sider på internett. Sjå lenke frå IHM sine heimesider www.ihm.no

ellen@ihm.no



Små og store verksemder

Alle verksemder som genererer meir enn 1 kg farleg avfall i året, pliktar å levere dette til godkjent mottak. Dette gjeld mellom anna olje, måling, lim, lakk, løsemiddel og kjemikalier.

Styresmaktene gjennomfører kontroll av verksemder som ikkje har levert farleg avfall, for å sikre at dette vert teke hand om og at internkontrollsystemet er på plass.

Også elektrisk og elektronisk avfall som lysrør, sparepærer, kontor-maskiner, elektriske motorar og liknande skal leverast særskilt (forskrift for EE-avfall). Det same gjeld CCA-impregnert trevirke og PCB-haldige vindaug.

Ta kontakt med IHM for rettleiing og hjelp til å få på plass system for innsamling, lagring og levering!

ellen@ihm.no



Stopp forureining frå leiker

Berre ein tredjedel av elektroniske småapparat, deriblant elektroniske leikar, vert levert til forsvarleg handsaming. Dette skjer sjølv om dei aller fleste veit at det finst eit innsamlingssystem for EE-avfall.

Mobiltelefonar, leikar, ur, radioar og ei mengde andre små elektroniske apparat inneheld stoff som bly, kvikksølv, kadmium og brommerete flammehemmarar. Vert dette kasta i boret, kan dei farlege stoffa før eller seinare renne ut i lokale elver og vassdrag. Hugs difor at også små elektroniske apparat skal leverast til forhandlarar eller til kommunale mottak.

ellen@ihm.no



Populær miljøskule

Siste skuleår deltok meir enn 600 elevar frå regionen i Skuleprosjektet «LOOP miljøskule». Av desse har rundt 400 vore på omvisning på Bjørkemoen.



4. klasse ved Vangen skule saman med lærarane Ingunn Langeland og Olaug Fardal var den første klassen som fekk omvisning på Bjørkemoen etter flyttinga i juni.

Skuleprosjektet bruker Hege, Hektor og Viktor vaktmeister som gjennomgangsfigurar og er utvikla av Retursamarbeidet LOOP og Norsk renholdsverksforening. Indre Hordaland Miljøverk deltek i dette prosjektet, som til no har nådd fram til mellom 50.000 og 60.000 elevar på landsbasis.



Målet med prosjektet er at elevane skal lære kvifor det er viktig med god avfallshandsaming, kjeldesortering og gjenvinning, ikkje berre korleis ein skal gjere det. Kjeldesortering er med på å halde naturressursane i kretsløp så lenge som mogleg, slik at det vert noko igjen til dei som kjem etter oss. Det er dette ei berekraftig utvikling handlar om. Kjeldesortering er og viktig for at avfall ikkje skal skade naturen.

IHM er med i prosjektet også dette skuleåret. Elevhefte for barnehagar/1. klassar, 4. klassar og 9. klassar kan tingast hjå IHM. Informasjonsbrev er sendt ut til alle barne-, ungdoms- og vidaregåande skuler i regionen. Det vil og vere mogleg å kome til Bjørkemoen på omvisning for dei som gjennomgår materiellet. Ønsker de å verte nærare kjende med Hege, Hektor og Viktor vaktmeiser, finn de figurane på www.loop.no.


ellen@ihm.no

«Skyll, brett og stapp - kampanje» på alle grunnskular

Kalle Kartong og Rita Retur heiter dei nye figurane som skal syne skuleelevane nye, enkle bretttemåter og forklare kvifor dei skal skylje, brette og stappe mjølkekartongar. LOOP har og utarbeidd eit nytt fordjupingshefte om korleis ein sjølv kan lage nytt papir av kartong. I september vert det sendt infor-

masjonspakker til alle grunnskulane i landet. Dei som deltek i kampanjen, vert med i trekninga av flotte premiar. Hugs også å skrive på kartongkubbene telefonnummer og namnet på skulen, barnehagen, laget eller personen du ønskjer skal vinne. Da er du i tillegg med i Returkartonglotteriet.

ellen@ihm.no



Nytt administrasjonsbygg på Bjørkemoen

1. juni stod IHM sitt nye administrasjonsbygg på Bjørkemoen ferdig til overtaking. Etter ei travel flyttehelg, kunne vi ønske kundane våre velkomne i dei nye lokala.

Det nye administrasjonsbygget har følgjande funksjonar:

- resepsjons- og publikumsområde
- vektfunksjon
- garderobe m/dusjanlegg
- kantine
- møterom
- kontor
- tekniske rom

Grunnflata er på 240 kvadratmeter, medan samla bruksareal er på 440 kvadratmeter. Grunnkonstruksjonen er «flytande» med radonsperre for å hindre innsig av gass. Straum og fjernvarme får anlegget frå utnytting av deponiggass. Gassen vert omdanna til energi, slik at anlegget i snitt leverer 200 kilowatt i timen!

Vi vonar at den nye lokaliseringa gjev oss enda betre høve til å gje kundane våre god oppfølging og service! Velkomen til Bjørkemoen 60!



IHM sitt nybygg på Bjørkemoen.



Styreleiar Kristian Østrem stod for snorklyppinga under den offisielle opninga. Nestleiar i styret Harald Næss og dagleg leiar Kåre Flatlandsmo held snora.

Byggherre:	Indre Hordaland Miljøverk IKS	
Arkitektar:	Arkitektane Anda & Hirth ANS	
Konsulentar:	Edvin Haugsbø AS	Grunn og betong
	Ing. Odd Bakketun AS	VVS
	Ing. Arne Hauso	Elektroteknikk
	Int. arkitekt Unni Bryn	Interiør
Hovudentreprenør:	Byggmeister A. Tverberg & Sønner AS	
Pris:	6,5 mill. kroner	

Reklame – nei takk!

IKEA oppmoda nyleg norske husstandar om å fjerne «Reklame – nei takk» klistremerka på postkassane sine i kampen om å få distribuert den nye IKEA-katalogen til flest mogeleg. Avfallsbransjen og miljøorganisasjonane reagerte samrøystes. «Eit slag under beltestaden» Fleire kritiserte IKEA for å ha trødd over ei etisk grense.

Ein av dei tre hjørnesteinane i IKEA sitt miljøarbeid er å «bidra til mindre bruk av råmateriale og mindre avfall og utslipp» Dette er prisverdige målsettingar som samsvarar godt med hensikten bak «Reklame – nei takk» kampanjen. Det er difor svært



overraskande at IKEA kjem med eit slik utspel. Dette undergrev det miljøvalet hushalda har gjort ved å reservere seg mot uadressert reklame. Det undergrev og det arbeidet som nasjonale styresmakter, kommunar, avfallsselskap og miljøorganisasjonar har dreve i fleire år.

I 2003 vart IKEA sin varekatalog trykt opp i 131 millionar eksemplar. Dette tilsvarar papir frå omtrent ein million tre!

Dersom du er ein miljømedviten kunde som har reservert deg mot uadressert reklame, men som likevel ønskjer å motta IKEA-katalogen, er katalogane svært lett tilgjengelege gjennom varehusa, internett eller gjennom direkte bestilling!

ellen@ihm.no

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE